

Vekeplan for 3.trinn

	Veke 37	
Tema: Demokrati og medborgarskap		

Mål veke 37

Norsk	Eg veit ein setning består av stor forbokstav, mellomrom mellom orda og punktum.
Matematikk	Eg kan rekne addisjon med tiarovergang.
Engelsk	Eg kan lytte til ein historie og prøve å forstå innhaldet.
KRLE	Eg veit kva ei gruppe er og veit om nokre grupper eg er ein del av.
Samfunnsfag	Eg kan samtale om kvifor vi velger politikere. Eg veit kva eit demokrati er.
Sosialt	Eg kan tek ansvar for tinga mine.

Lekser veke 37

Vekelekse	Matte: Gjer arbeidsarket innan torsdag.
Til tysdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen. Gym: Pakk gymtøy. Sjå meir informasjon nedanfor. iPad: Hugs å lade den 100%.
Til onsdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen.
Til torsdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen. Symjing: Gruppe 1 pakker symjetøy og møter på skulen kl 08.00. Sjå meir informasjon nedanfor.
Til fredag	Norsk: Les 15 minutt i ei valfri bok du har heime.

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Norsk	Gym	Norsk	Symjing/KRLE	Norsk
2.økt	Matematikk	Norsk	Matematikk	Matematikk	Matematikk
3.økt	Kunst&handverk	Engelsk	Kor	Samfunnsfag	Samfunnsfag
4.økt	Kunst&handverk				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen

Ved avtaler: Inngangen til aula er låst når det er undervisning. Når elevar har vore på avtaler og kjem tilbake til skulen må dei bruke inngangen til 2.trinn (dør på kortsida på c-bygget).

Småbøker: Alle elevane har fått ei Småbok heim i sekken. Dei skal lese heile boka heime kvar dag. Den skal ligge i sekken i leksemappa. Den skal leverast inn på torsdagar.

Foreldremøte: Torsdag 11. sept kl 18-19 i Aulaen.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det vert gym kvar tysdag. Dette året skal dei dusje etter gymtimane. **Dei skal kun vaske kroppen, ikkje håret.** Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe.

Symjing: Elevane starter endeleg opp med symjing! Det blir på torsdager i 1.økt. Vi tek buss til Bryne ungdomsskule kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.

Ta med badeklede, badehette, shampo, kroppssåpe og handkle i ein pose/bag. Merk ALT med namn. Det er ikkje lov med symjebriller/dykkermaske.

Vi ønsker at de øver på dusjing på forhand. Elevane må kunne kle av/på seg sjølv, åpna og lukka såpa, såpa seg inn med shampo i håret (ikkje balsam) og såpe på kroppen, skylja ut såpa, tørka hår og kropp, ta på badedrakt/badebukse og badehette.

Jenter: Dei må kunne børste håret og sette det i hale.

Det er óg fint om de kan snakke med eleven om at det er spesielt viktig å fylgja reglane når vi er i symjehallen.

Espen har ansvar for undervisninga og guttegarderoben. Brita er med i jentegarderober. I tillegg er det 2 badevakter i symjehallen.

Symjegruppe som starter med symjing: (veke 35- 40)

Luca, Vincent, Helena, Olav, Oskar, Amalie, Beatrice, Jacob, Sondre E, Marselius, Maria, Kristian H, Aleksandar, Ariana, Isabel, Emil, Makai, Ella Sofie, Aslaug Olina, Isak, Kristian L, Ingeborg, Ester, Oda, Max Emil, Runa, Kristian I.

Dei andre får symjing etter haustferien.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at me veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

Vi ønskjer alle ei fin veke 😊

Helsing Safeta, Randi, Espen, Synnøve, Mia, Berit og Brita

